



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## MØTEBOK

### FELLESRÅDSSAKER

**Møtedato: 27.05.2024**

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Laila Byrkjeland Husa, Stine Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Hilde Koppen og Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Oddvar Asbjørn Nilsen Husa og Martin Karlsen.

Kommunal representant: Elin Øien Solbakk.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 13/24 – 17/24

F 13/24	<b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG EVALUERING AV REFERATET FRÅ 16.04.2024</b>
Vedlegg	Møteboka frå 16.04.2024 Innkallinga til møtet 27.05.2024
Vedtak:	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

F 14/24	<b>ORIENTERING</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Evaluering av referata framfor godkjenning.</b></li><li>• <b>Brann og beredskapsgjennomgang med staben 4. april.</b> <i>Soknerådet ber om at kyrkjeverge tar ansvar for at rutinen blir gjennomført med faste- og varamedlemmer, innen 1. oktober 2024. Begrunnet i at alle har rolle som kyrkjevert.</i></li></ul>

F 15/24	<b>STILLINGSAUKE SEKRETÆR</b>
	<u>Bakgrunn:</u> Sekretær Evy Beate Uthaug har tilsaman 65% stilling som sekretær. 20% av denne stillingsprosenten er lånt ut til Austrheim sokn, der ho har med festeavgifter og kontakt med festarar å gjera. Denne prosentten vert refundert av Austrheim sokn. Som kjent refunderer



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Fedje sokn tilsvarande prosent til Austrheim sokn for at Leif Arne Økland også kan fungera som kyrkjeverje for Fedje sokn i tillegg til Austrheim sokn.</p> <p>Arbeidsoppgåvene ved eit kyrkjekontor er aukande. Evy har blitt bedt om å føra timelister. Det viser seg at ho i praksis arbeider meir enn det ho får betalt for. AU er av den oppfatninga at dette bør visa igjen i ein meir realistisk stillingsprosent.</p> <p>AU sitt framlegg er at Evy får auka stillingsprosenten med 5%. På årsbasis utgjer dette 85 timar til ein samla kostnad av opp under kr. 30 000,-. I utgangspunktet vert ikkje dette dekkja innanfor den ramma vi har i dag. Likevel vert dette vurdert som eit naudsynt grep, for at arbeidsmengde og stillingsprosent skal henga litt meir i saman.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd aukar stillingsprosenten til Evy Beate Uthaug med 5 %, med verknad frå 1. mai 2024. Samla stillingsprosent vert då 70 %, der utlån til Austrheim sokn i 20% vert ført vidare som før.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<b>Fedje sokneråd aukar stillingsprosenten til Evy Beate Uthaug med 5 %, med verknad frå 1. mai 2024. Samla stillingsprosent vert då 70 %, der utlån til Austrheim sokn i 20% vert ført vidare som før.</b>

<b>F 16/24</b>	<b>FAST TILSETJING TRUSOPPLÆRAR</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> Ishbel Salte vart engasjert som trusopplærar for Fedje sokn med verknad frå 1. september 2022. Ishbel fekk eit vedtak på 1 års engasjement på inntil 15%, og med utbetaling etter timelister. Ishbel er utdanna barnehagelærar. Årsengasjementet er for lengst gått ut. Svangerskap med påfølgjande fødselspermisjon, har uansett ført til at denne stillingsprosenten ikkje har blitt fylt opp som den kunne. Frå soknet si side er vi godt fornøgde med det arbeidet Ishbel har gjort. Ishbel har sjølv fremja forslag om at ho kan ta ansvar for å drifta eit barnekor i soknet og at det får øvingsstad i kyrkja. Hennar ektefelle kan bidra som pianist. Dette gjer han som frivillig. AU meiner at dette er eit tiltak som bør kunna gå inn i hennar stilling som trusopplærar. Det er naturleg at øvingane kan kombinerast med ei bibelforteljing, etter modell frå Knøttekoret i Austrheim. Barnekoret vil kunna opptre på gudstenester og andre arrangement i regi av soknet. Ved å drifta eit barnekor, vil Ishbel kunna få lønn litt meir regelmessig enn ho har fått til no. Vi er framleis enige om at ho kan levera timelister som før og få betalt i forhold til medgåtte timar. Ramma er framleis tilsvarande 15%</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>stilling. Ut frå dagens lønnsnivå vil dette utgjera ein samla lønnskostnad på omlag kr. 80.000,-. Soknet får eit eksternt trusopplæringstilskot på litt over kr. 50 000,- på årsbasis. Ut frå dagens tilskotsramme, så har ikkje soknet utgiftsdekning for ei slik tilsetjing.</p> <p>AU meiner likevel dette er ein så viktig del av kjerneverksemda til det soknet skal driva med. Det er ønskjeleg at ein prioriterer denne tilsetjinga, sjølv om ikkje ramma er tilstrekkeleg. Dette vert sjølvstendig ein del av økonomisamtalen med kommunen. Vidare bør soknet sjølv ta initiativ til å auka inntektene, til dømes i form av gjevarteneste.</p> <p>AU er av den oppfatninga at Ishbel Salte bør få tilbod om fast tilsetjing som trusopplærar med verknad frå og med 1. mai 2024. Hennar fødselspermisjon har dermed gått ut samstundes.</p> <p>Ishbel vil først og fremst ha ansvar for trusopplæringstiltak for barn opp til konfirmasjonsalder. Samstundes kan ho også brukast i nokon grad i forhold til konfirmantane, i samarbeid med Amelie Knieriem Storebø, som er konfirmantansvarleg for det felles konfirmantopplegget.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd tilset Ishbel Salte i fast stilling som trusopplærar i inntil 15% med verknad frå 1. mai 2024. Utbetaling av løn skjer likevel etter timelister. Ishbel Salte vert tilsett på same vilkår som før, i lønnsgruppe 3 og stillingskode 5169 barnehagelærar.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<b>Fedje sokneråd tilset Ishbel Salte i fast stilling som trusopplærar i inntil 15% med verknad frå 1. mai 2024. Utbetaling av løn skjer likevel etter timelister. Ishbel Salte vert tilsett på same vilkår som før, i lønnsgruppe 3 og stillingskode 5169 barnehagelærar.</b>

<b>F 17/24</b>	<b>TILSTANDSRAPPORT</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> AU har har ved fleire høve drøfta behovet for ein tilstandsanalyse av kyrkja. Det er ønskjeleg å få til ein slik ekstern analyse, som skal danna grunnlag for framtidig vedlikehald. I forhold til kommunen har vi ei årleg gjennomgang av vedlikehaldsbehovet i kyrkja, i tillegg til at vi no etablerer andre faste møter med kommunen. Likevel meiner AU det er naudsynt med ein meir grundig analyse. KA har utarbeidd ei sjekklister som er basert på standarden NS 3424. Dette er ei standardisert liste som er sett opp systematisk og dekkjer alle sider ved eit kyrkjebygg, både innvendig og utvendig i tillegg til tekniske installasjonar og el.anlegg. Analysen skal konkludera med kvaliteten på bygget i forhold til kvart enkelt punkt i sjekklister. Analysen er delt opp i ulike</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>tiltakskategoriar frå ingen behov til strakstiltak. Der konklusjonen er behov for tiltak, så er desse delt i 3; straks (innan 1 år), litt seinare (innan 5 år), meir langsiktig (ut over 5 år). Analysekjemaet har også rubrikkar for kostnadsoverslag for utbetringane.</p> <p>Ein slik tilstandsanalyse bør utførast av fagfolk som er kjent med og er kvalifiserte for å utføra bygningskontroll som oppfyller krava til NS 3424 standarden.</p> <p>Om eit bygg har store vedlikehaldsbehov vil ein slik tilstandsanalyse vera omfattande og kostbar. Fedjekyrkja er i forholdsvis god stand og ein tilstandsanalyse etter denne standarden, vil kunna gjennomførast på 1 – 2 dagar og ha ein overkommeleg kostnad. Personar som kan hyrast inn til å gjennomføra ein slik analyse, kan gjerne vera lokale. Frå Norsk Standard vert det tilrådd at ei gruppe av fagfolk gjerne kan utføra tilstandsanalysen saman. Aktuelle fagfolk for å gjennomføra ein slik analyse i Fedjekyrkja bør vera ein tømrrar og ein elektrikar.</p> <p>Om ein ser for seg at to fagpersonar brukar to dagar på ein slik analyse, bør ein kunna få dette til for ein samla kostnad på mindre enn kr. 20 000,-.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd bestiller ein tilstandsanalyse av Fedjekyrkja, basert på KA si sjekkliste for kyrkjebygg og Norsk Standard NS 3424 sin kvalitetsstandard. Soknerådet hyrer inn lokale fagfolk som tømrrar og elektrikar – og som har kompetanse for å gjennomføra analysen etter standarden NS 3424.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<b>Fedje sokneråd bestiller ein tilstandsanalyse av Fedjekyrkja, basert på KA si sjekkliste for kyrkjebygg og Norsk Standard NS 3424 sin kvalitetsstandard. Soknerådet hyrer inn lokale fagfolk som tømrrar og elektrikar – og som har kompetanse for å gjennomføra analysen etter standarden NS 3424.</b>

F 18/24	<b>GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 2023 – ERSTATNINGSVEDTAK</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> Fedje sokneråd godkjente i F-sak 08/2024 den 13. mars, rekneskapen for 2023, med eit meirforbruk på kr. 56.287,-.</p> <p>Den oversendte rekneskapen frå Aider, synte eit mindreforbruk på kr. 8.298,-. I dialogen med Aider gjorde kyrkjeverja merksam på at det ikkje vart ført inntekter til fondsavsetjing for basaren og dåpsgåve, tilsaman kr. 64.850,-. Det som skjer når inntekter vert avsett til fond er at dei vert reservert til seinare bruk. Dermed vart eit mindreforbruk på kr. 8.298,- til eit meirforbruk på kr. 56.287,-.</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

## Fedjekyrkja

	<p>Samme dato vedtok soknerådet budsjettet for 2024 i F-sak 10/2024. I budsjettet vart desse fondsavsetjingane tatt inn.</p> <p>Rekneskapsfører i Aider tok for nokre dagar sidan kontakt med kyrkjevevja og påpeikte akkurat dette. Fondsavsetjingane er ikkje ført i rekneskapen for 2023, men lagt inn i budsjettet for 2024. Rekneskapsfører har difor spurt om rekneskapen for 2023 kan stå som det opprinneleg vart sendt ut. Ho har også lagt inn i sin arbeidsplan at føring til fond på desse to formåla vert gjort i rekneskapen for 2024.</p> <p>Kyrkjevevja justerer dermed driftsresultatet i årsmeldinga. Underskriven årsmelding og rekneskap vert etter møtet sendt revisjonen og Aider, etter at dette erstatningsvedtaket er gjort.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner rekneskapen for 2023, med eit mindreforbruk på drifta på kr. 8.298,-. Mindreforbruket vert overført ubunde driftsfond. Vedtak F-18/2024 erstattar F-sak 08/2024. Soknerådet godkjenner også ei justering av årsmeldinga for 2023, der økonomieresultatet vert samsvarande med dette vedtaket.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Fedje sokneråd godkjenner rekneskapen for 2023, med eit mindreforbruk på drifta på kr. 8.298,-. Mindreforbruket vert overført ubunde driftsfond. Vedtak F-18/2024 erstattar F-sak 08/2024.</b></p> <p><i>Soknerådet ber om at det blir lagt inn ein kommentar til årsmeldinga for 2023, som blir tatt opp igjen i årsmeldinga for 2024.</i></p>

## MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Laila Byrkjeland Husa, Stine Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Hilde Koppen og Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Oddvar Asbjørn Nilsen Husa og Martin Karlsen.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 16/24 – S 18/24



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 16/24	<b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 13.03.2024</b>
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 16.04.2024 Innkallinga til møtet 27.05.2024
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

S 17/24	<b>ORIENTERINGAR</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Barnekoret har starta opp</li><li>• Kyrkjeskip <i>Bilder og informasjon om prosessen</i></li><li>• Gjennomgang av oppgåveliste kyrjeværtane</li><li>• Vigsling av gravplassen 16. juni <i>Bestille kake, Tone baker glutenfritt, Laila baker laktosefritt, Stine og Hilde lager til, Tone, Odd-Arild og Frøydis rydder.</i></li><li>• Open kyrkje i sommar, orientering om klokkeslett og fordeling av ansvarlege</li><li>• Markering av 50/51 års konfirmantar 25. august <i>Kven er med å forbereder/rydder?</i></li></ul>

S 18/24	<b>DRØFTINGSSAK KVARDAG OG HELG</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> Dette er blitt ein «gjengangar» i soknerådet. AU er likevel oppteken av å halda trykket oppe i denne saka. Kvardag og Helg bør fornyast. Det er ønskjeleg å invitera kommunen inn til å levera faste innslag med kommunal informasjon. I tillegg bør soknerådet ha ei fast spalte med aktuell informasjon. Barnesida må også fastleggjast med ansvar for kven som skal styra innhaldet her. Jostein ønskjer å få avløyning frå spalta «nytt frå orgelkrakken», då nyheitene herifrå begynner å bli uttømt. Uansett kva for endringar som vert gjort, må alt dette skje i tett samarbeid med redaksjonen.</p> <p><i>Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<b>Ingen framlegg til vedtak.</b>